

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Frank Kvinge	FE-223, FA-C09	23/422

Saknr	Utval	Type	Dato
053/2023	Formannskapet	PS	05.06.2023

Tildeling av kulturvernmidlar 2023

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Kostnadsoverslag tak mellombygg, Mølle - Åbakken11.01.23	30.05.2023
Foto og kart	30.05.2023
Kulturminnefagleg uttale	30.05.2023
Finansieringsplan	30.05.2023
Krokstadvatnet	16.05.2023
Søknad om kulturvernmidlar - Mølle	30.05.2023
Kostnadsoverslag og budsjett restaurering av Dalesetra	30.05.2023
Teikning	16.05.2023
Søknad om tilskot - restaurering av geitestøl	30.05.2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Det vert for 2023 løyvd

- kr 30 000 til restaurering av sag og mølle på Åbakken 30.
- Kr 40 000 til restaurering av geitestøl for bruk som dagsturhytte, Kjetlandsdalen.

Midlane vert utbetalt så snart arbeid er gjennomført og enkelt rekneskap vert sendt kommunen.
Frist for arbeidet vert sett til 01.09.2024.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunen gjev tilskot til restaurering/istandsetjing av eldre bygningar, bygningsmiljø og andre kulturminne som ligg innan for Masfjorden kommune sine grenser. Eigarar av slike kulturminne kan søkja tilskot frå desse midlane. Det er sett av kr 70 000 til slike tiltak for 2023.

Fakta

Det er kome inn to søknader:

1. Restaurering av sag og mølle på Åbakken 30

Søknad datert 30.01.23

Søkjær: Helga Hodne

Det vert søkt støtte til utbetring av lekkasjar og roteskadar.

Prosjektkostnad: Kr 149 750

Søknadssum: Kr 40 000

Kulturminnet er omtala i Masfjorden kommune sin kulturminneplan og verdivurdering klasse A, dvs at bygningen er av dei mest bevaringsverdige objekta i kommunen.

Bygningsvernkonsulent i Kulturverntenesta i Nordhordland har vore på synfaring og gitt uttale.

Det er innhenta pristilbod frå byggmester.

Det er søkt og fått eksterne midlar gjennom « Ta et tak»/Uni-stiftinga og Vestland fylkeskommune.

Oppstart Juni 2023 - ferdig 1. juli 2023.

2. Restaurering av geitestøl for bruk som dagsturhytte

Søknad dat 25.04.23

Søkjær : Albert Kjetland

Det vert søkt om tilskot til utbetring av geitesetra slik at den kan brukast som ei open dagsturhytte for alle som ferdast i Kjetlandsdalen.

Prosjektkostnad: Kr 350 000

Søknadssum: kr 50 000

Geitestølen er ikkje omtala i kommunen sin kulturminneplan.

Dalesetra ligg i Kjetlandsdalen, om lag 2 km frå gardsnr 56, bnr 1.

Fakta om bygningen, sjå vedlagt søknad.

Det er stipulert budsjett for tiltaket.

Vurdering

I kulturvernarbeid er ofte den største utfordringa for grunneigar å ta fatt på arbeidet med å bevare kulturminne som dei eig. Dette skuldast store kostnader med arbeidet i tillegg til at det ofte tek mykje tid, og at bruken er avgrensa.

Difor er det viktig for kommunen å stimulera til at slike tiltak vert gjennomført.

Sag og mølle:

Søkjaren fekk 30 000 i tilskot i 2022, og med tilskot også i år kan dei halda fram med trinn 2 i restaureringsarbeidet av saga og mølla. Eigaren har også i år søkt Vestland fylkeskommune om tilskot, og fått tildelt kr 20 000.

Samla tilskot vil vera eit viktig bidrag til å redusera grunneigar sine kostnader ved restaureringa.

Geitestølen

Gjennom heile livet har søkjaren ordna på gamle seterhus i og rundt Kjetlandsdalen og Kupa. Søkjær vart i 2019 heidra med Masfjorden kommune sin kulturpris for mellom anna dette. Setrane på Fonnhaugen og Kupa er godt istandsette, og på dei gamle murane ved Svartevatnet er det sett opp nye seterhus. Søkjær har aldri tidlegare søkt om eller fått noko tilskot til dette arbeidet. No står Dalesetra att, og eigar, som er oppe i åra, har eit sterkt ønskje om å restaurera denne bygningen som sitt siste prosjekt. « Det ville vera ei skam å forlata Dalesetra slik ho står no», seier søkjaren.

Dei siste åra har det i samband med nytt småkraftverk i Kjetlandsdalen blitt laga veg heilt fram til Dalesetra. Dette har opna for at mange har teke vegen i bruk som turveg. At setra får ny bruk, kan nyttast som mål for turen, at gjestar kan stiga inn, finna ly når dei treng det og eta nista si, og at nye generasjonar får høve til å undrast over kva krav og vilkår tidlegare generasjonar har opplevd er viktige kvalitetar ein ønskjer å ta vare på i kulturvernarbeid.

Tiltaket er i tillegg til kommunalt tilskot tenkt finansiert ved egne midlar, dugnad og midlar frå Kjetland Kraft AS.

Konklusjon

Det vert for 2023 løyvd
kr 30 000 til restaurering av sag og mølle på Åbakken 30

Kr 40 000 til restaurering av geitestøl i Kjetlandsdalen for bruk som dagsturhytte.

Midlane vert utbetalt så snart arbeid er gjennomført og enkelt rekneskap vert sendt kommunen.
Frist for dette arbeid vert sett til 01.09.2024.

Merknad

I 2021 vart det løyvd kr 40 000 til restaurering av dobbeltnaust. Søkjar har bede to gongar om utsett frist for ferdigstilling. Tilskotet vil bli utbetalt når det føreligg rekneskap for tiltaket innan ny frist for ferdigstilling, 01.09.24.

I 2022 vart det løyvd kr 10 000 til istandsetjing av renne / sløk til kvernhus med frist for ferdigstilling 01.09.23. Tilskotet vil bli utbetalt når det føreligg rekneskap for tiltaket, innan 01.09.24.

Formannskapet - 053/2023

FS - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Det vert for 2023 løyvd

- kr 30 000 til restaurering av sag og mølle på Åbakken 30.
- Kr 40 000 til restaurering av geitestøl for bruk som dagsturhytte, Kjetlandsdalen.

Midlane vert utbetalt så snart arbeid er gjennomført og enkelt rekneskap vert sendt kommunen.

Frist for arbeidet vert sett til 01.09.2024.